
Saksnr: 2021/47561-2
Saksbehandlar: Elisabeth Aune

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------------|-------------|------------|
| Hovudutval for næring | | 17.11.2021 |
| Fylkesutvalet | | 30.11.2021 |

Vestland fylkeskommune sin uttale til forskrift om opptak og bruk av informasjon om bestemt angitte bunnforhold m.m

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune er positiv til at alle djupnedata for område grunnare enn 30 meter vert gjort tilgjengeleg for høgoppløyslege botnkart.
2. Vestland fylkeskommune ønskjer at botndata ned til 10x10 meter ikkje vert gradert, med tanke på godt grunnlag for analyse av sjøbotnen og påfølgjande planarbeid. Dette vil bidra til ei meir framtidretta forvaltning av kysten og havområda, med omsyn til berekraft og arealkonfliktar.

Samandrag

Forslaget til forskrift som er ute på høyring klargjer kva detaljgrad av informasjon om sjøbotn som vil vere gradert av sikkerheitsomsyn, og kva informasjon som vil vere offentleg tilgjengeleg. Forskrifta fastsett og reglar for sakshandsaming, søknader, handheving og vilkår for utlevering av informasjon. Dette er av interesse med omsyn til gode grunnlagsdata for analyse av sjøbotnen og påfølgjande planarbeid. Og dette gjev grunnlag for ei betre forvaltning av kysten og havområda.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Høringsnotat Forskrift om opptak og bruk av informasjon om bestemt angitte bunnforhold

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Forsvarsdepartementet har sendt på høyring eit forslag til «*forskrift om opptak og bruk av informasjon om bestemte angitte bunnforhold m.m.*». Høyringa inneheld også forslag til «forskrift om endring av forskrift 22. juni 2018 nr 950 om anvendelse av lov om bestemt angitte område, skjermverdige objekt og bunnforhold på Svalbard og Jan Mayen». Høyringsfristen er 13. desember 2021.

Den aktuelle forskrifta er heimla i «*Lov om informasjon om bestemt angitte områder, skjermingsverdige objekter og bunnforhold*» som var på høyring i 2017. Då denne lova vart vedteken vart det føresett at departementet skulle gje utfyllande avgjerd om forbodet i § 4 i forskrift, som handlar om «opptak og bruk av informasjon om bestemt angitte bunnforhold». Formålet med forskrifta er å sikre Forsvaret kontroll over sikkerheitsgradert informasjon, samtidig som det vert forsøkt å balansere allmentas behov for tilgang til informasjon og effektive saksbehandlingsrutinar. I § 4 står det:

«Det er forbudt å gjøre opptak av eller på annen måte bruke informasjon om bestemt angitte bunnforhold innenfor territorialfarvannet dersom det i noen grad kan ha skadefølger for rikets selvstendighet og sikkerhet og andre vitale nasjonale sikkerhetsinteresser om informasjonen blir kjent for uvedkommende.»

Departementet kan gi tillatelse til å gjøre opptak av eller på annen måte bruke informasjon som nevnt i første ledd.

Departementet gir forskrift om opptak og bruk av informasjon om bestemt angitte bunnforhold, herunder hvilken informasjon som rammes av forbudet i første ledd.»

Lova og forbodet mot opptak og bruk av informasjon om botnforholda gjeld i territorialfarvatn, men er ikkje gjort gjeldande på Svalbard, Jan Mayen, Bouvetøya og bilanda i Antarktis. Dette tek forskrifta som no er på høyring inn i seg. Forslaget til forskrift klargjer også kva informasjon om botnforhold som vert ramma av forbodet og kva informasjon som er unntatt, samt fastsette regler for saksbehandling, søknader, handheving og vilkår for utlevering av informasjon.

I samband med utarbeidinga av «Lov om informasjon om bestemt angitte områder, skjermverdige objekter og bunnforhold» vart det sett ned ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå Forsvaret, Forsvarets Forskningsinstitutt, Kystverket, Nasjonal sikkerhetsmyndighet, Norges geologiske undersøkelser (NGU), Kartverket, Havforskningsinstituttet (HI), fylkeskommunane, Fiskeridirktoratet og Miljødirektoratet. Arbeidsgruppa avla rapport 4. januar 2016.

Informasjon om botnforhold av ein viss kvalitet utgjer sikkerheitsgradert informasjon etter sikkerhetsloven. Informasjonen må handterast etter *sikkerhetsloven* med tilhøyrande forskrifter. «Informasjon om botnforhold» omfattar informasjon om djupnedata, hardheitsdata og batymetri. Djupnedata omfattar data som viser koordinatfesta djupneverdiar, mens hardheitsdata er koordinatfesta verdiar for botnen sin relative hardheit. Batymetri er informasjon om topografien under vatn, inkludert djupneforhold og modellar av havbotn. Dette er informasjon som krev vern og som har stor betydning for sjømilitære operasjonar. I dag er all informasjon om djupnedata innanfor territorialfarvatn med oppløysing på 50x50 meter gradert KONFIDENSIELT. Informasjon med lågare oppløysing eller frå djupnedata utanfor territorialfarvatn er fritt tilgjengeleg.

For å balansere mellom behovet for å ivareta nasjonale sikkerheitsinteresser og behovet til næringslivet og sivilsamfunnet for tilgang til informasjon, er det bestemt ei liberalisering av forvaltningsregimet for innsamling og bruk av informasjon om botnforhold. Formålet er at informasjon ikkje vert sikkerheitsgradert i større utstrekning, og på høgare graderingsnivå, enn det som er naudsynt for å ivareta nasjonale sikkerheitsinteresser. I tillegg er formålet å forenkla og effektivisere søknadsprosessen og forvaltningsregimet rundt slik informasjon.

Ein sentral del av forskrifta er å gje Kartverket høve til å avgradere, omgradere eller gje løyve til å gjere opptak av og utlevere gradert informasjon utan å måtte innhente samtykke frå Forsvaret.

Forskrifta legg opp til at informasjon som har lågare tettleik enn 50x50 meter og informasjon om botnforhold grunnare enn 30 meter i utgangspunktet vil være ugradert.

I framlegg til forskrift er følgjande matrise foreslått:

| Dybder relativt til sjøkart-null | >50mx50m | >25mx25m | <25mx25m |
|----------------------------------|----------|-----------|---------------|
| 0-30 meter | Ugradert | Ugradert | Ugradert |
| 30m > | Ugradert | Begrenset | Konfidensielt |

Vurderingar og verknader

Noreg er ein havnasjon, og vi er i verdstoppen innan skipsfart og maritim næring, petroleum og energi, og fiskeri og havbruk. Havet er fellesnemnar for alle desse næringane, og potensialet for framtidig verdiskaping i desse næringane er stort. OECD anslår t.d. at havøkonomien kan doblast innan 2030, og det vert forventat at ressursar frå havet kan bidra til å løyse globale utfordringar blant anna innan matproduksjon. Til tross for den store betydninga havet har hatt og har for Noreg, veit vi derimot fortsett lite om havet samanlikna med kunnskapen vi har om landjorda.

Dei naturgitte fortrinna til Vestland er i hovudsak knytt til nærleiken til havet og dei ressursane som finst der. Utnytting av havet har gjort regionen til eit marint og maritimt tyngdepunkt, der erfaringsbasert kompetanse er kopla saman med høgare formell kunnskap. Evna til å utnytte moglegheitene i havet er ein del av grunnlaget for den framtidige verdiskapinga i regionen. Samtidig ser vi at sjøareala er under større press no enn for berre få år sidan.

I tidlegare Sogn og Fjordane har vi arbeidd med å få utarbeidd marine geologiske grunnkart. Dette arbeidet er gjort av NGU som har tilgang til data med høg oppløysing i Noreg. NGU nyttar desse dataene til å gjennomføre analyser og kartframstillingar som t.d. temakart over geologiske forhold på havbotn, men karta kan ikkje synast offentleg med større detaljgrad enn 50 meter x 50 meter.

Vi har sagt at det vil vere interessant å fullføre ei slik kartlegging for heile Vestland, samt få gjennomført biologiske kart og naturtypekart.


Det opphavlege graderingsforbodet vart vedteke i lov av 1914, og gjeld for djupnedata. Denne lova vart revidert i 2017, og forskrifta som no er på høyring tek opp i seg endringane som vart foreslått her. Forskrifta foreslår å opne alle data for område som er grunnare enn 30 meter, samtidig som det vil vere avgrensa moglegheiter til å opne for oppløysing på 25x25 meter for område djupare enn 30 meter. Tidlegare har lovleg oppløysing vore 50x50 meter på alle terreng-modellar i sjø. Det har derimot tidvis vore gitt dispensasjon for mindre område med høgare oppløysing, gjerne med vilkår om korleis data kan brukast. Den nye forskrifta vil vidareføre denne praksisen. Det er derimot fleire døme på at område ikkje har vorte frigitt fordi forsvaret meiner området vert vurdert som for stort.

Det er i hovudsak NGU og Kartverket som har tilgang til data med høg oppløysing i Noreg. Desse brukar dei til å gjennomføre analyser og kartframstillingar som t.d. temakart over geologiske forhold på havbotn. [MAREANO-programmet](#) er døme på eit arbeid der geologiske forhold er presentert med høgoppløyslege kart, eit anna er pilotprosjektet «[Marine grunnkart i kystsonen](#)». Begge desse prosjekta er statleg finansierte prosjekt som kartlegg djupne, botnforhold, biologisk mangfald, naturtypar og forureining i sedimenta i norske havområde høvesvis utanfor og innanfor territorialgrensa.

Behovet til næringslivet og sivilsamfunnet for tilgang til informasjon om botnforhold ligg til grunn for forslaget om å liberalisere forvaltningsregimet for innsamling og bruk av informasjon om botnforhold. Forskrifta tek derimot ikkje inn over seg den teknologiske utviklinga som skjer innan t.d. ekkolodd som er på marknaden som kan innhente data med ei oppløysing som er omfatta av det foreslåtte graderingsregimet. Det vert likevel poengtert at det er ulovleg å gjere opptak og bruke av djupnedata utan løyve, og at dette kan straffefølgast. Dette gjeld både næringsliv og privatpersonar.

For dei fleste brukarane er det ein fordel om kart som vert presentert er så detaljert som mogleg, minimum 10x10 meter, og batymetriske og hardheitsdata er av stor interesse. Dette vil gje mest att for den investeringa som samfunnet gjer ved å kartlegge havbotnen.

Døme på kvalitet på data/kart med omsyn til oppløysing



50x50



25X25



10X10



1X1

Med bakgrunn i dette vert følgjande matrise føreslått:

| | | |
|-----------------------------------|----------|--------------------|
| Djupner relativt til sjøkart-null | ≥10mx10m | Høgare oppløysning |
| 0-30 meter | Ugradert | Ugradert |
| 30m - maks kartdjupne | Ugradert | Konfidensielt |

Det har vore jobba i mange år for å få til ei betre og meir detaljert kartlegging av kystsona, der utgangspunktet har vore at betre kunnskap om dei kystnære sjømråde vil vere essensielle for å realisere verdiskaping knytt til forvaltning og utvikling av dei marine næringane som t.d. oppdrettsnæringa, fiskeria, sjøtransport, fornybar energi, marin forskning, arbeid med marin forureining, kartlegging av marine naturressursar og biologisk mangfald med meir.

Stavanger var eitt av tre pilotområder «Marine grunnkart i kystsonen». Statsforvaltaren i Rogaland har konkludert med at pilotprosjektet har gjort at søkarar både sparar tid og pengar når dei skal søke om tiltak etter forureiningslova. Dette fordi dei ikkje treng hyre inn konsulentar for å hente inn nye opplysingar. Ein rapport frå Astafjorden i Troms viser at kartlegging av havbotn der har spart samfunnet for fleire titalls millionar kroner, og at nytteverknadane vil vare langt fram i tid. Analyser gjort i regi av pilotprosjektet «Marine grunnkart i kystsonen» viser det same. Lovverket som er knytt til gradering i Noreg er for øvrig eitt av dei strengaste i verda, og berre Sverige og Finland har liknande forbod.

Høyringsnotatet er tydeleg på at hovudfokuset til Forsvarsdepartementet er nasjonal sikkerheit, og at dette vert vurdert som viktigare enn sivile samfunnsnyttige formål. Rapporten frå arbeidsgruppa i 2016 er så vidt vi forstår ikkje revidert, og forskrifta tek heller ikkje omsyn til verken teknologisk

utvikling eller utfordringar og moglegheitene som både regjeringa og internasjonale organisasjonar peikar på når det kjem til ansvarleg havforvaltning. Forslaget til departementet er derfor at lovgrunnlaget for forbod om djupnekart bør vidareførast, og at sivile behov er via liten eller ingen merksemd. Det vert likevel hevda at lovforslaget legg opp til fleire oppmjukingar av forbodet. I realiteten er det få endringar, og ein del innstrammingar bl.a. i forhold til opptak av detaljerte djupnedata utan løyve.

Vedtakskompetanse: fylkesutvalet kan gje uttale.

Økonomi: Ikkje direkte relevant for fylkeskommunen sin økonomi.

Klima: Kan gje grunnlag for ei meir berekraftig forvaltning av sjøområda.

Folkehelse: Ikkje direkte relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): i tråd med overordna føringar.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune er nøgd med at regimet for å gradere informasjon om havbotn vert liberalisert, men vil rå til at det mjukast opp enda meir enn høyringsforslaget legg opp til.